

Ny bilmekanikar godt i gang på Auto 88.

13.04.2016



Erfarne Øystein Haavik er ny på laget til Auto 88 AS.

Torsdag i forrige veke var første arbeidsdagen til Øystein Haavik på Auto 88 AS på Brekketoppen. I Øystein har dei fått på plass ein bilmekanikar med solid bakgrunn og erfaring. Han er opphavelig frå Herøysundet, men han er no busett i Omvikdalen saman med sambuar og tre born.

35-åringen starta i faget som lærling hos Dimmelsvik Bil AS. Deretter vart det 2 år på teknisk fagskule før han var 6 år som bilmekanikar hos Rødsten Bilforretning i Herøysundet. Det var også der han tok fagbrevet. Dei 4 siste åra har han jobba hos KIS Vest som held til i Samyrkjelagsbygget her i Uskedalen ved sida av frisørsalongen Zjakk. Arbeidet der bestod i hovudsak av reperasjonar av kranar og løftereiskapar. Dette medførte ein del reiseaktivitet.

Reiseaktiviteten og ønskje om meir tid til å vera meir saman med familien var sterkt medverkande til jobbskiftet. Han ser også fram til å skru bil att.

Ved Auto 88 gjev dei uttrykk for at dei er svært tilfreds med å ha fått Øystein Haavik med på laget. Det er ikkje lett å få tak i fagutdanna bilmekanikarar, og det er desto vanskelegare å få tak ein med så solid ballast som den nytilsette har. Ved Auto 88 er det no 6 tilsette i 5 heile stillingar.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland